OU-410/24: Nettverkskurs vaksenopplæring 17.04.2024

Til stades:

Gro Johanne Eriksen Haugen (nettverksleiar og plasstillitsvald i Rauma)
Kari Eggen (HTV og lokalagsleiar) Gjemnes
Anita Gjerstad Lindvåg (plasstillitsvald VO Surnadal
Arne Olsbø Holen (HTV Ålesund)
Heidi Marie Smørdal-Ask (HTV og lokallagsleiar i Sykkylven)
Synnøve Irene Risan (vara plasstillitsvald VO Molde)
Ivar André Øverland (plasstillitsvald VO Molde)
Jan Arne Haugen Sylte (plasstillitsvald VO Ørsta)
Anna Maria Geertruida de Waal Smit (kontaktperson VO Gjemnes),
Karol Michalczuk (plasstillitsvald VO Hustavika)
Marit Johanne Øien Sæverud (plasstillitsvald VO Hareid)
Ann-Kristin Snipsør (HTV Hareid)
Guro Havnevik (plasstillitsvald VO Ålesund)
Marit Bjerknes (plasstillitsvald Smøla)
Arnhild Åsmo Bigset (plasstillitsvald VO Ulstein)
Torunn Indreeide (plasstillitsvald VO Vestnes)
Eli Smisetfoss (HTV og lokallagsleiar i Sunndal)

Sak 1 Nytt og godt

Rauma: Har lyst ut stilling på grunn av mange elevar, og tilsett ein godt utdanna lærar. Skal ta i mot 35 flyktningar. VO samarbeider med Flyktningtenesta og NAV.

Hareid: HTV i Hareid er opptatt av VO, gode lokale etter ombygging

Sykkylven: Mange elevar og har begynt å få ta i bruk brakker, god søknad til lærarstillingar i vaksenopplæringa, lærarane i VO har tatt eller er i ferd med å ta norsk som andrespråk

Molde: N2 er aktuelt, satsar på arbeidsretta opplæring, kompetansegivande kurs (barne og ungdomsarbeid, restaurant- og matfag, skal lage helsefag, NAV flyktning Molde og Hustadvika vidaregåande skule, har to tillitsvalde, godt samarbeid med NAV om arbeidsretta kurs, Molde voksenopplæring har no meir enn 5000 følgjarar på Instagram.

Vestnes: Er i ferd med å få på plass eit tettare samarbeid med praksisplassane, til hausten: norsk på arbeidsplassen, arbeider med å få betre organisering rundt elevar som er 55+.

Ålesund: Godt tilfang av søkarar til leiarar i VO. VO i Ålesund har blitt veldig store, omtrent 650 deltakarar har norsk og 70 på grunnskule. Skal tilsette inntil fem nye lærarar, og det er gode søkarar. Har ikkje nok rom så dagen er delt i tre, formiddag,

ettermiddag og kveld (gjeld ikkje intro). Mange pensjonistlærarar og det er veldig bra, men dei deltek ikkje på møte, og det er vanskeleg å få fatt i dei. Nokre har meldt seg inn i Utdanningsforbundet. Har ein lærar som har jobba lenge med arbeidsretting og det er bra no. Skulen arbeider med innføring av modulstrukturering, i samarbeid med vgs.

Smøla: Godt bemanna, fine og store lokale, 33 deltakarar (mest ukrainarar), jobbar mot kommuneleiinga for å få fleire praksisplassar, arbeidsretta norsk er utfordrande, men Smøla har nok lærarar til å drive med norskopplæring på arbeidsplassane

Surnadal: Har vekse fort og har omtrent 100 deltakarar no, vanskeleg med lokale fordi dei er i bygg som skulle rivast, og fleire tilsette slit med helseutfordringar på grunn av bygget, få grunnskule/modul-elevar, må har meir praksisretta

Gjemnes: Er tre tilsette, men har ein vakanse på 40 %, VO er i eit gammalt hus, det er mange elever og det er trongt. Samarbeider med Friluftsrådet og frivilligsentralen, og eit godt bemanna flyktningkontoret. Elevar på 55+ er ei utfordring. Det skjer mykje og det er veldig triveleg å arbeide der.

Ørsta: God søknad til nye lærarstillingar. Sju av ti lærarar har norsk som andrespråk, dei tre siste har fått innvilga KfK. VO er samanslått med flyktningkontoret og blir samanslått frå hausten, det er bra. Har ein pensjonert lærar som jobbar med 55+. Har meir enn 100 elevar, dei fleste ukrainarar. Har fått tilsett språkassistentar, og det er bra. Arbeidsretting og modulbasert opplæring er aktuelle tema.

Hustadvika: Har fått fire nye medlemmer i Utdanningsforbundet. Skal besøke vaksenopplæring i Krakow gjennom Erasmus. Godt tilfang av søkarar til lærarstillingar, og mange med migrasjonspedagogikk og norsk som andrespråk. Har arbeidsnorsk tre dagar på skule og to dagar i bedrift, der lærarane er ute på arbeidsplassane og underviser.

Ulstein: Prosjekt «Bru til arbeid» med støtte frå IMDi for at flyktningar skal få bruke utdanninga si frå heimlandet

Sunndal: Modulstrukturerte planer og arbeidsretting er interessant, prøvar å passe på at vi tilsett fast sjølv om det er vanskeleg med langsiktig planlegging med reduserte rettar til norskopplæring og introduksjonsprogram.

Sak 2 Fokustid

Sykkylven: Dei nye modulstrukturerte læreplanane. Det er mykje som er uklar enno, men HKdir har støtteressursar her.

Utdanningsforbundet har kurs om modulstrukturerte læreplanar 7. mai klokka 14-16. Dersom ein melder seg på kan ein sjå det i løpet av 14 dagar. Påmelding her.

Smøla:
Har ikkje kontaktlærartillegg i vaksenopplæringa. Korleis er det andre stader?

Rauma har ansvarleg lærar som får 22 000? kr, det er mindre enn i den ordinære grunnskulen, men det er lokalt framforhandla at alle lærarane i VO har tillegget. Ingen har nedsett undervisningstid, men har heller ikkje auka leseplikta.

Sykkylven har ikkje kontaktlærar i VO, men VO har ein liten pott som dei fordeler sjølv.

Ålesund har kontaktlærartillegg på vaksenopplæringa, men tillegget har stått stille lenge.

Molde har kontaktlærar, men funksjonstillegget i VO er 18 000 kr mot 34 000 kr i grunnskulen.

Sunndal VO har det same som ordinær grunnskule.

Ulstein VO har kontaktlærarar med ein time redusert undervisning og 25 000 kr + 500 kr per elev over 16 elevar, same som ordinær grunnskule.

Hustadvika har det same som ordinær grunnskule, men 60 minutt redusert undervisning etter lokale forhandlingar

Surnadal har kontaktlærar som ordinær grunnskule. Surnadal har arbeidsinstruks for kontaktlærar. Lærarar som er gruppeansvarleg for ukrainarar har berre 9000 kr, og det er dokumentert med oversikt over arbeidsoppgåver.

Ørsta: Har kontaktlærar som i ordinær grunnskule. Leseplikta for norsk er no likt med engelsk, ikkje som «andre fag».

Gjemnes: Har kontaktlærar.

Vestnes: Kontaktlærar har tillegg og ein time redusert undervisning

Hareid: Kontaktlærar som i grunnskulen

PS! Tidsressurspott skal fordelast etter drøfting med tillitsvalde, i tråd med forliket mellom KS og Utdanningsforbundet.

Kontaktlærarinstruks frå Surnadal: Fylle ut individuell plan, registrering av norsktimar i NIR, registrere fråvær i Visma, utviklingssamtalar, trekantsamtalar, plassering i grupper, arbeid med klassemiljø, samarbeid med andre instansar, eksaminator ved norskprøvar og samfunnsfagprøvar og eksamen.

Molde: Korleis blir det gjort med arbeidsplanar og resttimar?
Arbeidsgivar seier at den som arbeider i VO må rekne med ein ganske stor pott med resttimar. Rauma legg resttimane som to-lærartimar der den eine må rekne med at hen

må gå inn som vikar viss det er behov. Fleire plassar har 0-10 resttimar, nokre ber rektor legge ut alle timane til lærarar som ikkje vil ha rest. På dei fleste vaksenopplæringane signerer lærarane arbeidsplanane sine.

Molde: Vil undervisning etter modulstrukturerte læreplanar gjere at leseplikt i fag blir endra? Er dei modulstrukturerte planane forankra i Opplæringslova?
Dette må organisasjonen vår sentralt vere klar til å motarbeide dette viss det kjem.

Ørsta: Korleis gjennomføre eksamen etter modulbasert undervisning dersom dei er på ulike moduler i ulike fag?
HK-dir har lova at dei skal vere veldig på ballen i tida framover og hjelpe til med utfordringane som oppstår.

Sak 3: Nytt frå Utdanningsforbundet v/Gro Johanne Eriksen Haugen

- Etter landsmøtet 2023 er nettverk for vaksenopplæring vedtektsfesta, som ein del av Utdanningsforbundet sitt fokus på vaksenopplæring. Det er med ein representant frå kvart fylke. Nettverket har digitalt møte kva månad, og fysisk møte ein gong i året. Marianne Rygg er leiar i nettverket, og møtande vara til Sentralstyret.

- Fullføringsreforma

- Evaluering av forsøk med modulstrukturert vaksenopplæring. her (Sjå også Power Point)

Sak 4: Erfaringar frå Helseprosjektet i Sunndal kommune

Bakteppet til lærarar ved vaksenopplæringa: Irritasjon over gjentakande klaging på språknivået til tidlegare elevar, frå tilsette i helse og omsorg, utan at det blir gjort noko med det. Vi tenkjer at vi kan hjelpe til ved å vere ute på arbeidsplassane og rettleie både våre gamle elevar og dei andre som arbeider i tenesta.

Bakteppet til kommunen: Vi har busett 450 flyktningar sidan 2022. Dei fleste frå Ukraina, med kort tid i introduksjonsprogrammet, og forventning om arbeidspraksis og arbeid. Kommunedirektøren gav tydeleg beskjed til alle tenestane om at ho forventa at dei tok i mot mange i arbeidspraksis. Vi har låg arbeidsledigheit, og slit med å få tilsett nok folk. I

2023 måtte kommunen for første gong bruke bemanningsbyrå for å dekke opp sommarferien i helse- og omsorgstenesta. NAV vart oversvømt av flyktningar som var ferdig med introduksjonsprogrammet og som trengte hjelp til å søke om sosialstønad.

Helseprosjektet kom i orden som eit samarbeid mellom Helse- og omsorgstenesta (sjukeheim og heimetenesta), Helsetenesta (habilitering), NAV og Innvandrartenesta.

- 28 praksisplassar, to på kvar avdeling
- Kvar sin mentor (på arbeidsplassen) til alle praksisdeltakarane, frikjøpt og lønna av NAV (ca. 2000 kr per månad?)
- Alle avdelingane fekk gratis treningstime på helsesenteret og pengar til for eksempel å kjøpe pizza på helg.
- 20 timar helsenorsk i veka, 4 timar kvar dag. Praksisdeltakarane jobbar ofte i lag med mentor, og kjem på helsenorsk når det passar. Etter kvart som behovet for norskopplæring minskar deltek dei mindre på skulen.

Mål: Minst 10 av praksisdeltakarane skal kunne gå inn i ordinært sommararbeid sommaren 2024.

Vaksenopplæringa sin draum om å vere eit bindelegg mellom skule og mentor/praksisplass blei det ikkje noko av fordi introrådgivarane ville ha oppfølginga. Prosjektet er stort og vaksenopplæringa er berre ein av mange aktørar, og sjølv om det ikkje vart slik som vi vil ha det så er prosjektet svært positivt. Mentorordninga blir sett på som så positiv at tenestane seier dei vil bruke modellen også til anna praksis og til lærlingar. Deltakarane som ikkje er klare for ordinær sommarjobb får fortsette i praksisen.

Ei utfordring er rettleiing frå NAV-tilsette når deltakarane er ferdig i Intro. Dei NAV-tilsette har haugen på, og oppfølginga blir ikkje så systematisk. Vi er heller ikkje samlokaliserte med NAV slik som vi er med Intro, så avstanden mellom vaksenopplæringa og NAV er stor. Vi meiner at lærar i vaksenopplæringa kunne ha tatt over som kontaktledd mellom skule og mentor/avdeling når deltakarane er i NAV, men så er det ikkje vi som bestemmer ...

Vegen vidare:

Sentralt kurs 19. og 20 november for tillitsvalde i vaksenopplæringa i Oslo, The Hub

Nettverkskurs for vaksenopplæringa i Møre og Romsdal onsdag 2. oktober?

Geiranger 23. og 24. oktober (IKVO)

Molde 17.04.2024

Skrivar Eli Smisetfoss